



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 29.06.2021

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 24.06.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Frode Merkesvik, Andreas Ester

Meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Kenneth Førde

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling, sakliste og møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

- 027 Søknepresten har ordet**
Søknepresten heldt ei kort andakt.
- 028 Rekneskapsrapport**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått og teken til orientering.
- 029 Samarbeid om trusopplæring i Høyanger/Gaular**
Etter at Hyllestad sa opp samarbeidsavtalen med Høyanger om trusopplæring, har det vore sonderingar med Gaular. Vi har no fått stadfesta frå prest, prost og kyrkjeverje i Sunnfjord at det er interesse for å gå inn i stillingssamarbeid med Høyanger om kyrkjelydspedagog eller kateket. Vi vil prøve å lyse ut full stilling etter sommaren. Kyrkjeverja snakkar med kommunedirektør om dette snarast.
- 030 Oljetanken ved Høyanger kyrkje**
Oljetanken er no fråkobla, tømt og sikra forskriftsmessig. Den er ikkje gravd opp. Nortank har sendt ferdigmelding og dokumentasjon til fellesrådet og til Høyanger kommune.
- 031 Personvern og informasjonssikkerheit**
Vi har no inngått avtale om personvern og informasjonssikkerheit i Dnk, som stettar krava etter GDPR, og har med det også fått personvernombod som vi kan rådføre oss med ved behov.
- 032 Alternative kontorlokale i Høyanger**
Etter at vi først vart førespegla å kunne flytte attende til oppussa og tilrettelagde kontorlokale i Elvegata 22 der vi var før, er situasjonen no at Helse/Barnevernet visstnok har fått kapra «våre» lokaler. Vi blir alternativt tilbydd oppussa kontorlokale i 4. etg på

Samfunnshuset, men vi veit ikkje om desse lokala er tenlege for oss. Det er synfaring 29.06. Dersom lokala ikkje innfrir våre krav og behov, blir vi i dei lokala vi er no.

- 033 Tilbakeført overskot på kyrkjeforsikring frå KNIF forsikring**
På grunn av låge skadeutbetalingar dei siste åra, har vi no fått tilbakeført 34 986.
- 034 Tilbakeførte premiereserver frå KLP**
Vi har fått melding frå KLP om at vi har fått tilbakeført og godskrive premiereserverve på kr. 57 720. Dette vil bli brukt til å betale pensjonspremie frå 3. kvartal og utover.
- 035 Endring i Bedriftshelseteneste**
Noverande avtale med Høyanger Bedriftshelseteneste vert avslutta i samband med at bedriftslege Heggelund skal pensjonere seg. Vi inngår ny avtale med Bedriftshelse 1, som tek over verksemda i Høyanger.
- 036 Orientering om handsaming av avvik – ikkje Offentleg**
Orienteringa vart utsett til neste fellesrådsmøte.
- 037 Pc til ny prest i Lavik – Karl Hjelmeland**
Karl Hjelmeland tek til som ny vikarprest i Hyllestad/Lavik/ Bjordal&Ortnevik 01.08. Vi har kjøpt bærbar Pc til han, som Hyllestad skal betale ein del av. Han vil ha kontor plass på Hyllestad kyrkjekontor, og på Lavik kyrkjekontor. Vi opprettar minibrukar med sikker epost for han på Kirkepartner si plattform, evt. også Skrivebord.
- 038 Meir digitalisering – meir heimekontor**
Ettersom vi no er inne på Kirkepartner si plattform, er vi mindre avhengige av fysisk å vere på kontoret kvar dag for å gjere vår jobb. Det gjev større fleksibilitet, og gjer at ein kan jobbe frå heimekontor når det måtte vere tenleg. Kyrkjevevja vil oftare jobbe frå heimekontor i framtida, men skal sjølvsagt også ha faste kontordagar i Høyanger kvar veke.

Vedtaksaker

Sak 011/21 Prioritering av kyrkjevedlikehald.

Til grunn for fellesrådet si prioritering av kyrkjevedlikehald i 2021 ligg liste over tiltak etter fellesrådet sine synfaringar 11.06.2020 og 29.04.2021, samt sokneråda sine prioriteringar av tiltak på denne lista i etterfyljande møter i 2021. Rest disponible vedlikehaldsmidlar i 2021 er 120 000.

Høyanger Sokneråd si prioritering:

1. Glasmåleriet i Høyanger kyrkje, synfaring med utarbeiding av tiltaksplan.
2. Avklaring omkring varmpumpe
3. Hellegang og benker
4. Takrenner

Kyrkjebø sokneråd si prioritering:

- 1) Vadheim: grusgangane og vegen opp langs vest-sida.
- 2) Vadheim: diverse rekkverk. (for betra tilgjenge øvst på gravplassen)
- 3) Vadheim: vedlikehald og måling av klokketårnet.
- 4) Vadheim: murane rundt klokketårnet.
- 5) Kyrkjebø: sakresti-innreiinga.
- 6) Vadheim: kvilebenkane.
- 7) Kyrkjebø: trea på kyrkjegarden
- 8) Vadheim: trea rundt plassen
- 9) Kyrkjebø: smijernsporten i sør.

Lavik Sokneråd si prioritering

- 1) Skifting av skodder/vindauge i kyrkjetårnet
- 2) Reparasjon av hakkespetthol og målingsflassing
- 3) Taklekkasje må lokaliserast og utbetrast
- 4) Grusgang som gror igjen må renskast opp.

Bjordal og Ortnevik sokneråd si prioritering

- 1) Innvendig måling av Ortnevik kyrkje
- 2) Universell tilkomst Ortnevik kyrkje
- 3) Vedlikehald og måling av klokketårn i Ikjefjord

Fellesrådet sitt vedtak:

Med dei sterkt avgrensa midlar vi har til vedlikehald på kyrkjer og gravplassar i år, er det desse to prosjekta som vert prioriterte no:

- 1) Lokalisering og utbetring av taklekkasje i Lavik kyrkje
- 2) Glasmåleriet i Høyanger kyrkje, synfaring med NIKU og utarbeiding av tiltaksplan

Sak 012/21 Tilbod på oppmåling og digitalisering av gravkart

Ettersom kartmaterialet for gravplassane i Høyanger ikkje er godt nok, er det er innhenta tilbod frå eitt firma som leverer digitale SOSI gravkart. Kyrkjeverja meiner at digitalisering av gravkart er nødvendig, og bør prioriterast. Då kan ein både få ei betre og meir effektiv gravplassdrift, og ein kan også få gravkarta inn i Statens Kartverk sine databasar som del av det offentlege kartgrunnlaget. Det er også vist til rundskriv frå KA om digitalisering av gravplasskart.

Fellesrådet sitt vedtak:

På grunn av at kartmaterialet for gravplassane i Høyanger ikkje er godt nok, går Høyanger kyrkjelege fellesråd inn for oppmåling og digitalisering av gravkart på gravplassane i kommunen, digitalt SOSI gravkart. Kyrkjeverja innhentar pristilbod på arbeidet frå fleire tilbydarar så snart som råd. Saka vert utsett til fleire samanliknbare pristilbod føreligg.

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje i Høyanger